**Pål Kårbø (KrF)** sette på vegner av KrF, Frp, V, MDG, Sp og A fram slikt forslag:

"Alternativ:

Fylkesutvalet tilrår at fylkesveg (FT) 7, Hp 15, km ca. 1,420 – 3,495 mellom rundkjøringa i Øystese vest til nytt kryss på Nes – lengde 2075 meter, framleis vert klassifisert som fylkesveg."

## **Røysting**

Kårbø sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (H).



## **Vedtak**

Fylkesutvalet tilrår at fylkesveg (FT) 7, Hp 15, km ca. 1,420 – 3,495 mellom rundkøyringa i Øystese vest til nytt kryss på Nes – lengde 2075 meter, framleis vert klassifisert som fylkesveg.

## **PS 15/16 UTGÅR**

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016**

PS 15/16 Utgår.

## **PS 16/16 Regionstamlinja Nordhordland**

### **Forslag til innstilling**

1. Regionstamlinja mellom Nordhordland og Bergen følgjer prinsipp og føringar lagt i Kollektivstrategi for Hordaland og Handlingsprogram 2015-2018 om å utvikle eit konkurransedyktig kollektivtilbod i korridorane mellom regionsentra rundt Bergen og Bergen sentrum.
2. Regionstamlinja vil ligge til grunn i arbeidet med Trafikkplan Nordhordland, som startar opp komande år i samband med førebuing til nytt bussanbod i området.
3. Regionstamlinja vil etter planen i verksettast frå hausten 2016.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

**Jon Askeland (Sp)** sette på vegner av Sp, SV, A og KrF fram slikt forslag:

"Saka vert utsett.

Grunngjeving: Behov for å gå grundig gjennom konsekvensane for busstilbodet.

Saka har gode intensionar, men omfattande tilbakemeldingar frå reisande medfører at me vil mælda følgjande til administrasjonen:

- Framlegg til styrking av båtruta med «matebussar» er positivt.

Endringsframlegget til bussreiser Nordhordland - Bergen har medført reaksjonar. Pendlarar framhevar følgjande:

- Dagens busstilbod mellom Nordhordland og Bergen (t/r) er godt og logisk å forhalda seg til, og ei endring må byggja vidare på dette.
- Framlegget til bussopplegg utfordrar på følgjande:
  - Kva vert betre i høve dagens ordning?
  - Vert det fleire avgangar?
  - Ordninga framstår som betre for reisande i Åsane nord og tilsvarande ulempe for reisande frå Nordhordland. Dette kan medføra at færre frå Nordhordland brukar kollektivreise til Bergen.
  - Det må vera flest mogleg ekspressruter mellom Nh og Bergen som i dag, også utanom rushtida.
  - Dei fleste reisande går av i Olav Kyrresgate, svært få følgjer bussen til Bystasjonen.
  - Nokre pendlarar(med arbeidsstad Bergen sør) er positive til buss gjennom Fløyfjellet til Bystasjonen.
  - Det må vera direkteruter Frekhaug – Bergen (særleg arbeids/skulereiser). Dette må kombinerast med at parallelle ruter frå Knarvik ikkje går via Flatøy.
  - Det bør vera færrast mogleg bussruter via Nyborg-Åsane senter, pga. at dette er ein ubehageleg strekning pga. svingar/rundkøyringar som passasjerar opplever som ubehageleg.
  - Me ynskjer at brukarundersøking ligg til grunn, og/eller at det vert dialog med pendlarorganisasjonane før framlegging for politisk handsaming."

**Røysting** (forslaget om utsettjing)  
Askeland sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (H, Frp, V, MDG).

#### **Vedtak**

Saka vert utsett.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016**

Saka var utsett i utval for miljø og samferdsel, og vart difor ikkje behandla.

#### **Vedtak**

Saka vert utsett.

### **PS 17/16 Masfjordbrua - opplegg for val av bruløysing**

#### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet går inn for at det vert sett i gang arbeid med eit teknisk/økonomisk forprosjekt for å avklare bruteknologi/brutype og kostnadsbereking for Masfjordsambandet.
2. Fylkesutvalet vil kome attende til eventuell prioritering og finansiering av Masfjordbrua i samband med handsaminga av Regional transportplan 2018-2029

#### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

**Per Lerøy (A)** sette på vegner av A, SV, Sp, KrF, V, MDG, Frp og H fram slikt forslag:

1. "Fylkesutvalet går inn for at det vert sett i gang arbeid med eit teknisk/økonomisk forprosjekt for å avklare bruteknologi/brutype og kostnadsbereking for Masfjordsambandet.
2. Fylkesutvalet ber Statens vegvesen vurdera nærmere å nytta konkurranseprega dialog (KPD) som anbodsform i prosjektet, slik dette er omtalt i brev datert 21.12.2015 frå Statens vegvesen til Hordaland fylkeskommune om anbodsform for Masfjordsambandet, punkt 5.2.2."

**Svein Halleraker (H)** sette på vegner av H, A, SV, Sp, KrF, V, MDG og Frp fram slikt forslag:

"Nytt punkt 3:

Fylkesutvalet vil kome attende til eventuell prioritering av Masfjordbrua så snart teknisk/økonomisk forprosjekt ligg føre."

#### **Røysting**

Lerøy sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.  
Halleraker sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet går inn for at det vert sett i gang arbeid med eit teknisk/økonomisk forprosjekt for å avklare bruteknologi/brutype og kostnadsbereking for Masfjordsambandet.
2. Fylkesutvalet ber Statens vegvesen vurdera nærmere å nytta konkurranseprega dialog (KPD) som anbodsform i prosjektet, slik dette er omtalt i brev datert 21.12.2015 frå Statens vegvesen til Hordaland fylkeskommune om anbodsform for Masfjordsambandet, punkt 5.2.2.
3. Fylkesutvalet vil kome attende til eventuell prioritering av Masfjordbrua så snart teknisk/økonomisk forprosjekt ligg føre.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016**

**Terje Søviknes (FrP)** sette på vegner av Frp, H og Sp fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Fylkesutvalet presiserer at det er ferjeavløysingsmidlane i inntektssystemet som må leggjast til grunn for delfinansiering av Masfjordbrua, og ikkje reknestykket i sakutgreiinga basert på Hordaland fylkeskommune sine reelle kostnader til dagens ferjedrift med fråtrekk for auka drifts- og vedlikehaldskostnader med ny bru.

Ferjeavløysingsmidlane til sambandet vert 19 mill. kr (kriteriedata for tal ferjesamband) minus effekten av endra drifts- og vedlikehaldsbehov i utgiftsutjamninga, ref. omtale av ferjeavløysingsordninga for fylkesvegar i Kommuneøkonomiproposisjonen 2016. Dette nettobeløpet, dvs. det beløpet fylkeskommunen netto taper i inntektssystemet som følgje av bygging av bruа, får fylkeskommunen behalda i 40 år gjennom eit særskilt tilskot (Tabell C-tilstokt)."

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling på vegner av forslagsstillerane.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet går inn for at det vert sett i gang arbeid med eit teknisk/økonomisk forprosjekt for å avklare bruteknologi/brutype og kostnadsbereking for Masfjordsambandet.
2. Fylkesutvalet ber Statens vegvesen vurdera nærmere å nytta konkurranseprega dialog (KPD) som anbodsform i prosjektet, slik dette er omtalt i brev datert 21.12.2015 frå Statens vegvesen til Hordaland fylkeskommune om anbodsform for Masfjordsambandet, punkt 5.2.2.
3. Fylkesutvalet vil kome attende til eventuell prioritering av Masfjordbrua så snart teknisk/økonomisk forprosjekt ligg føre.

## **PS 18/16 Landssamanslutninga av nynorskkommunar - Utsending til landsting i 2017**

### **Forslag til innstilling**

Til å representere Hordaland fylkeskommune sine fem røyster i landstinget 2017 i Landssamanslutninga av nynorskkommunar vert .....oppnemnd.

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016**

Det var 11 representantar til stades.

**Christer Lilleskare Olsen (H)** gjorde framlegg om May Eva Sandvik som representant for Hordaland fylkeskommune i landstinget 2017 i Landssamanslutninga av nynorskkommunar.

**Kjell Håland (A)** gjorde framlegg om Beate Husa som representant og Gunn Berit Lunde Aarvik som personleg vara for Husa.

**May Eva Sandvik (H)** gjorde framlegg om Christer Lilleskare Olsen som personleg vara for Sandvik.

### **Røysting**

Forslaga frå Olsen, Håland og Sandvik vart samrøystes vedtekne som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Til å representere Hordaland fylkeskommune sine fem røyster i landstinget 2017 i Landssamanslutninga av nynorskkommunar vert May Eva Sandvik og Beate Husa oppnemde.

Gunn Berit Lunde Aarvik vert oppnemnd som personleg vara for Beate Husa.

Christer Lilleskare Olsen vert oppnemnd som personleg vara for May Eva Sandvik.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

Til å representere Hordaland fylkeskommune sine fem røyster i landstinget 2017 i Landssamanslutninga av nynorskkommunar vert May Eva Sandvik og Beate Husa oppnemnde.

Gunn Berit Lunde Aarvik vert oppnemnd som personleg vara for Beate Husa.

Christer Lilleskare Olsen vert oppnemnd som personleg vara for May Eva Sandvik.

### **PS 19/16 Elektronisk sakshandsaming i Hordaland fylkeseldreråd**

#### **Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet vedtek at Hordaland fylkeseldreråd skal ta i bruk elektronisk sakshandsaming så snart det praktisk let seg gjøre. Vedtaket inneber at fylkeseldrerådsmedlemene får naudsynt materiell (nettbrøtt, m.v.) og opplæring i bruk av dette.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Fylkesutvalet vedtek at Hordaland fylkeseldreråd skal ta i bruk elektronisk sakshandsaming så snart det praktisk let seg gjøre. Vedtaket inneber at fylkeseldrerådsmedlemene får naudsynt materiell (nettbrøtt, m.v.) og opplæring i bruk av dette.

### **PS 20/16 Haugalandspakken - Oppnemning av medlem til politisk styringsgruppe**

#### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet oppnemner..... som Hordaland fylkeskommune sin representant til politisk styringsgruppe for Haugalandspakken.

#### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

**Stein Inge Ryssdal (H)** gjorde framlegg om Gustav Bahus som Hordaland fylkeskommune sin representant til politisk styringsgruppe for Haugalandspakken.

**Atle Kvåle (A)** gjorde på vegner av A, SV, Sp og KrF framlegg om Synnøve Solbakken som representant.

#### **Røysting**

Kvåle sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 9 røyster mot 5 røyster (H, Frp) for Ryssdal sitt forslag.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet oppnemner Synnøve Solbakken som Hordaland fylkeskommune sin representant til politisk styringsgruppe for Haugalandspakken.



## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016**

Innstillinga vart samråystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet oppnemner Synnøve Solbakken som Hordaland fylkeskommune sin representant til politisk styringsgruppe for Haugalandspakken.

## **PS 21/16 Omklassifisering av Fv. 550 på Aga i Ullensvang**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet vedtek at gamle vegen Fv.550 gjennom Aga vert omklassifisert til kommunal veg.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet vedtek at gamle vegen Fv.550 gjennom Aga vert omklassifisert til kommunal veg.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016**

Innstillinga vart samråystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet vedtek at gamle vegen Fv.550 gjennom Aga vert omklassifisert til kommunal veg.

## **PS 22/16 Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2016**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet vil bruke dei nasjonale prioriteringane som grunnlag for å føre vidare ein regionalt tilpassa kulturminnepolitikk for Hordaland i 2016.
2. Fylkesutvalet ber administrasjonen nytte dei 4 indikatorane knytte til resultatområde 2.2. Kulturminne og kulturmiljø i statsbudsjettet for 2016 i arbeidet med regional planstrategi.
3. Fylkesutvalet ber om at det vert satsa særskilt på samarbeid med lokale styresmakter, eigarar og frivillige, og på styrking av kulturminnefagleg kompetanse i kommunane.
4. Fylkesutvalet ber om at kulturminne og kulturmiljø vert lagt vekt på som ressurs i stad- og byutvikling.
5. Fylkesutvalet ynskjer å styrke fylkeskommunen si rolle som regional kulturminnestyremakt og få overført større ansvar etter kulturminnelova.
6. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen arbeider vidare med å forenkle og effektivisere tilskotsforvaltinga.
7. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen gjev dei uavslutta fredingssakene høg prioritet.
8. Fylkesutvalet ber om at arbeidet med å etablere eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) i Hordaland vert prioritert.
9. Fylkesutvalet ber administrasjonen legge til rette for nye prosjekt der verdiskapingsarbeidet vert utvikla som del av ei langsiktig forvalting av kulturminne, kulturmiljø og landskap i Hordaland.

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016**

Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet vil bruke dei nasjonale prioriteringane som grunnlag for å føre vidare ein regionalt tilpassa kulturminnepolitikk for Hordaland i 2016.
2. Fylkesutvalet ber administrasjonen nytte dei 4 indikatorane knytte til resultatområde 2.2. Kulturminne og kulturmiljø i statsbudsjettet for 2016 i arbeidet med regional planstrategi.
3. Fylkesutvalet ber om at det vert satsa særskilt på samarbeid med lokale styresmakter, eigara og frivillige, og på styrking av kulturminnefagleg kompetanse i kommunane.
4. Fylkesutvalet ber om at kulturminne og kulturmiljø vert lagt vekt på som ressurs i stad- og byutvikling.
5. Fylkesutvalet ynskjer å styrke fylkeskommunen si rolle som regional kulturminnestyremakt og få overført større ansvar etter kulturminnelova.
6. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen arbeider vidare med å forenkle og effektivisere tilskotsforvaltinga.
7. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen gjev dei uavslutta fredingssakene høg prioritet.
8. Fylkesutvalet ber om at arbeidet med å etablere eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) i Hordaland vert prioritert.
9. Fylkesutvalet ber administrasjonen legge til rette for nye prosjekt der verdiskapingsarbeidet vert utvikla som del av ei langsiktig forvalting av kulturminne, kulturmiljø og landskap i Hordaland.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet vil bruke dei nasjonale prioriteringane som grunnlag for å føre vidare ein regionalt tilpassa kulturminnepolitikk for Hordaland i 2016.
2. Fylkesutvalet ber administrasjonen nytte dei 4 indikatorane knytte til resultatområde 2.2. Kulturminne og kulturmiljø i statsbudsjettet for 2016 i arbeidet med regional planstrategi.
3. Fylkesutvalet ber om at det vert satsa særskilt på samarbeid med lokale styresmakter, eigara og frivillige, og på styrking av kulturminnefagleg kompetanse i kommunane.
4. Fylkesutvalet ber om at kulturminne og kulturmiljø vert lagt vekt på som ressurs i stad- og byutvikling.
5. Fylkesutvalet ynskjer å styrke fylkeskommunen si rolle som regional kulturminnestyremakt og få overført større ansvar etter kulturminnelova.
6. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen arbeider vidare med å forenkle og effektivisere tilskotsforvaltinga.
7. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen gjev dei uavslutta fredingssakene høg prioritet.
8. Fylkesutvalet ber om at arbeidet med å etablere eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) i Hordaland vert prioritert.
9. Fylkesutvalet ber administrasjonen legge til rette for nye prosjekt der verdiskapingsarbeidet vert utvikla

som del av ei langsiktig forvalting av kulturminne, kulturmiljø og landskap i Hordaland.

## **PS 23/16 Næringsretta partnarskapsmidlar Fjord Norge AS 2016**

### **Forslag til vedtak**

1. Fylkesutvalet går inn for at Fjord Norge AS skal motta kr 2.400.000,- gjennom ein ny avtale mellom Hordaland fylkeskommune og selskapet. Støtta blir gitt over fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnarskapsmidlar» og erstattar den tidlegare rammeavtala som var felles for alle fylkeskommunane, og samarbeidsavtala som var unik for kvart fylke.
2. Støtta blir gitt for 2016. Fjord Norge AS må kunne vise til at selskapet oppnår dei mål som er sett i avtala mellom selskapet og fylkeskommunane på Vestlandet i perioden.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016**

**Pål Kårbø (KrF)** sette på vegner av KrF, A, Sp, SV, V, MDG, Frp og H fram slikt forslag:

"Tilskotet til Fjord Norge vert sett til 3.000.000 for 2016. Auken på 600.000 kr vert finansiert frå fylkesutvalet sin tilleggsløyvingskonto.

Fylkesutvalet ber fylkesordføraren ta initiativ til eit eigarmøte i selskapet, som m.a. gjev ei oppdatering på strategiarbeidet i selskapet."

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag med Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet går inn for at Fjord Norge AS skal motta kr 3.000.000,- gjennom ein ny avtale mellom Hordaland fylkeskommune og selskapet.

Kr 2.400.000 av støtta vert gitt over fylkeskommunen sin budsjettpost "Næringsretta partnarskapsmidlar" og erstattar den tidlegare rammeavtalen som var felles for alle fylkeskommunane, og samarbeidsavtalen som var unik for kvart fylke.

Kr 600 000 vert finansiert frå fylkesutvalet sin tilleggsløyvingskonto.
2. Støtta vert for 2016. Fjord Norge AS må kunne vise til at selskapet oppnår dei måla som er sette i avtalen mellom selskapet og fylkeskommunane på Vestlandet i perioden.
3. Fylkesutvalet ber fylkesordføraren ta initiativ til eit eigarmøte i selskapet, som m.a. gjev ei oppdatering på strategiarbeidet i selskapet.

## **PS 24/16 Nordisk bibliotekkonferanse i Bergen 12. – 14. juni 2016. Søknad om tilskot. Politisk representasjon**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet ser Halmstadkonferansen i Bergen 2016 som ein viktig arena for utvikling av nordiske folkebibliotek
2. Fylkesutvalet løyver kr 100.000,- til nordisk bibliotekkonferanse i Bergen 12. - 14. juni 2016. Løyvinga dekkast av fylkesutvalet sin tilleggsløyvingskonto.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016**

Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet ser Halmstadkonferansen i Bergen 2016 som ein viktig arena for utvikling av nordiske folkebibliotek.
2. Fylkesutvalet løyver kr 100.000,- til nordisk bibliotekkonferanse i Bergen 12. - 14. juni 2016. Løyvinga vert dekt av fylkesutvalet sin tilleggsløyvingskonto.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet ser Halmstadkonferansen i Bergen 2016 som ein viktig arena for utvikling av nordiske folkebibliotek.
2. Fylkesutvalet løyver kr 100.000,- til nordisk bibliotekkonferanse i Bergen 12.-14. juni 2016. Løyvinga vert dekt av fylkesutvalet sin tilleggsløyvingskonto.

## **PS 25/16 Innføring av AutoPASS i ferjedrifta**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet godkjenner at det vert lagt inn ein opsjon i konkurransegrunnlaga for ferjeamboda om at det kan bli innført AutoPASS-brikkebetaling på ferjesambanda i Hordaland. Fylkesrådmannen får fullmakt til å avgjerde kva konkrete samband slik betaling skal innførast på.
2. Fylkesutvalet godkjenner at operatørane får ansvar for billettering og billettringsutstyr samt det tekniske utstyret til AutoPASS.
3. Fylkesutvalet ber om å bli halde orientert om det vidare arbeidet med AutoPASS.

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

**Atle Kvåle (A)** sette på vegner av A, KrF, Sp og SV fram slikt forslag:

"Endringsframlegg:

1. Fylkesutvalet godkjenner at det vert lagt inn ein opsjon i konkurransegrunnlaga for ferjeamboda om at det kan bli innført AutoPASS-brikkebetaling på ferjesambanda i Hordaland. *Det skal politisk handsamast kva samband som eventuelt ikkje skal innføra AutoPASS.*
2. Fylkesutvalet godkjenner at operatørane får ansvar for billettering og billettringsutstyr samt det tekniske utstyret til AutoPASS.
3. Fylkesutvalet ber om å bli halde orientert om det vidare arbeidet med AutoPASS."

### **Røysting**

Kvåle sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet godkjenner at det vert lagt inn ein opsjon i konkurransegrunnlaga for ferjeamboda om at det kan bli innført AutoPASS-brikkebetaling på ferjesambanda i Hordaland. Det skal politisk handsamast kva samband som eventuelt ikkje skal innføra AutoPASS.
2. Fylkesutvalet godkjenner at operatørane får ansvar for billettering og billettringsutstyr samt det tekniske utstyret til AutoPASS.
3. Fylkesutvalet ber om å bli halde orientert om det vidare arbeidet med AutoPASS.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet godkjenner at det vert lagt inn ein opsjon i konkurransegrunnlaga for ferjeamboda om at det kan bli innført AutoPASS-brikkebetaling på ferjesambanda i Hordaland. Det skal politisk handsamast kva samband som eventuelt ikkje skal innføra AutoPASS.
2. Fylkesutvalet godkjenner at operatørane får ansvar for bilettering og billettringsutstyr samt det tekniske utstyret til AutoPASS.
3. Fylkesutvalet ber om å bli halde orientert om det vidare arbeidet med AutoPASS.

## **PS 26/16 Nedklassifisering av omlagt fylkesveg forbi Baroniet og nedlegging av gamal Fv. 53 gjennom Baroniet i Rosendal, Kvinnherad kommune**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet vedtek at fv. 53 Hp vert nedlagt som offentleg veg mellom km 0 – 0630 og overført til grunneigarane som privat veg, vederlagsfritt.
2. Fylkesutvalet vedtek at omlagt fylkesveg vert nedklassifisert til kommunal veg frå kryss med fv.53 hp 1 km, 440 fram til eksisterande kommunal veg (KV98047) mot Hatteberg.

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet vedtek at fv. 53 Hp vert nedlagt som offentleg veg mellom km 0 – 0630 og overført til grunneigarane som privat veg, vederlagsfritt.
2. Fylkesutvalet vedtek at omlagt fylkesveg vert nedklassifisert til kommunal veg frå kryss med fv.53 hp 1 km, 440 fram til eksisterande kommunal veg (KV98047) mot Hatteberg.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet vedtek at fv. 53 Hp vert nedlagt som offentleg veg mellom km 0 - 0630 og overført til grunneigarane som privat veg, vederlagsfritt.
2. Fylkesutvalet vedtek at omlagt fylkesveg vert nedklassifisert til kommunal veg frå kryss med fv.53 hp 1 km, 440 fram til eksisterande kommunal veg (KV98047) mot Hatteberg.

## **PS 27/16 Rv. 13 Klassifisering/framtidig status på Gamlevegen i Skjervet etter opning av Tunsbergtunnelen - Granvin herad og Voss kommune**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet tilrår at Rv 13 langs Skjervet framleis vert klassifisert som riksveg.

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet tilrår at Rv 13 langs Skjervet framleis vert klassifisert som riksveg.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet tilrår at Rv 13 langs Skjervet framleis vert klassifisert som riksveg.

## **PS 28/16 Høyringsnotat om forslag til endringar i vallova - uttale frå Hordaland fylkeskommune**

### **Forslag til vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune støttar forslaga til endringar i vallova.
2. Hordaland fylkeskommune støttar alternativ 2 angåande for seint innkomne førehandsrøystar: «Endre lovfesta frist for å godkjenne førehandsrøyster», men ber departementet om å fortsetje å effektivisere arbeidet med teljing av røyster slik at endeleg valresultatet ikkje vert publisert seinare enn i dag.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune støttar forslaga til endringar i vallova.
2. Hordaland fylkeskommune støttar alternativ 2 angåande for seint innkomne førehandsrøystar: "Endre lovfesta frist for å godkjenne førehandsrøyster", men ber departementet om å fortsetje å effektivisere arbeidet med teljing av røyster slik at endeleg valresultatet ikkje vert publisert seinare enn i dag.

## **PS 29/16 Innspel frå Hordaland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2016**

### **Forslag til vedtak**

1. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på tiltak som styrker rekrutteringa til landbruket, både ny rekruttering og tidligare eigarskifte på garden.
2. Fylkesutvalet meiner det er viktig å sikre rett kompetanse til rett tid i landbruket.
3. Fylkesutvalet meiner at verkemidlane i landbrukspolitikken må vere tilpassa ulikt ressursgrunnlag og regionale forskellar for å sikre drift i heile landet.
4. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på eit nasjonalt utviklingsprogram for frukt- og bærdyrking som legg særleg vekt på auka kompetanse, nye sortar og dyrkingsteknikkar.
5. Fylkesutvalet anbefaler at ein større del av avtalemidlane forvaltas regionalt, for å målrette dei betre.
6. Fylkesutvalet meiner at rammene for nyinvestering i landbruket må ta høgde for regionale skilnader

i bruksstruktur, topografi og klima, samt behovet for auka investering knytt til lausdriftskravet i 2024.

7. Skogen på vestlandet er hogstmogen. Fylkesutvalet meiner at det bør leggjast til rette for auka berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog og auke i graden av vidareforedling nasjonalt og lokalt.
8. Fylkesutvalet anbefaler å vidareutvikle bygdenæringerne i Hordaland gjennom nyskaping og innovasjon.
9. Fylkesutvalet meiner at regionane bør få tilgang til forskingsmidlane som vert avsettas gjennom jordbruksavtalen.
10. Fylkesutvalet meiner FoU knytt til det grøne skifte og bioøkonomi bør intensiverast og at det bør leggast til rette for meir samarbeid på tvers av bransje og sektorar innanfor desse felta.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på tiltak som styrker rekrutteringa til landbruket, både ny rekruttering og tidlegare eigarskifte på garden.
2. Fylkesutvalet meiner det er viktig å sikre rett kompetanse til rett tid i landbruket.
3. Fylkesutvalet meiner at verkemidla i landbrukspolitikken må vere tilpassa ulikt ressursgrunnlag og regionale forskjellar for å sikre drift i heile landet.
4. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på eit nasjonalt utviklingsprogram for frukt- og bærdyrking som legg særleg vekt på auka kompetanse, nye sortar og dyrkingsteknikkar.
5. Fylkesutvalet anbefaler at ein større del av avtalemidlane vert forvalta regionalt, for å målrette dei betre.
6. Fylkesutvalet meiner at rammene for nyinvestering i landbruket må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima, samt behovet for auka investering knytt til lausdriftskravet i 2024.
7. Skogen på Vestlandet er hogstmogen. Fylkesutvalet meiner at det bør leggjast til rette for auka berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog og auke i graden av vidareforedling nasjonalt og lokalt.
8. Fylkesutvalet anbefaler å vidareutvikle bygdenæringerne i Hordaland gjennom nyskaping og innovasjon.
9. Fylkesutvalet meiner at regionane bør få tilgang til forskingsmidlane som vert avsette gjennom jordbruksavtalen.
10. Fylkesutvalet meiner FoU knytt til det grøne skifte og bioøkonomi bør intensiverast og at det bør leggast til rette for meir samarbeid på tvers av bransje og sektorar innanfor desse felta.

#### **PS 30/16 Revisjon av retningslinene for forvalting av kompensasjonsmidlane i Hordaland frå 2015**

#### **Forslag til vedtak**

1. Fylkesutvalet godkjenner det framlagte utkastet til «Retningsliner for forvaltning av kompensasjonsmidlane 2015-2020».
2. Fylkesutvalet godkjenner at det blir gjennomført ei felles utlysing av kompensasjonsmidlane for 2015 og 2016.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet godkjenner det framlagte utkastet til "Retningsliner for forvaltning av kompensasjonsmidlane 2015-2020".
2. Fylkesutvalet godkjenner at det blir gjennomført ei felles utlysing av kompensasjonsmidlane for 2015 og 2016.

## **PS 31/16 Ymse**

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016**

På grunn av varsle ekstremvær foreslo **fylkesordføraren** at berre dei politiske sakene vart behandla slik at møtet kunne avsluttast tidleg. Fylkesutvalet slutta seg til dette.

Referatsakene vart difor ikkje behandla, men vert lagt fram på nytt i neste møte. Det vart heller ikkje sett av tid til Open time, og presentasjonen som stod på programmet vart avlyst.

Sakene vart behandla i slik rekjkjefølge: 5-8, 29, 9-17, 28, 18-22, 24-27, 30/16.

### **YMSE**

I samband med behandlinga av PS 5/16 "Nye ferjeanbod – konkurransegrunnlag" gjorde **fylkesordføraren** framlegg om at ein delegasjon med fylkesordføraren, fylkesvaraordføraren, ein representant frå Frp og ein frå H ber om møte med den politiske leiinga i departementet. Tema for møtet vert utfordringane for Hordaland når det gjeld konkurransegrunnlag for nye ferjeanbod. Fylkesutvalet slutta seg til dette.

I samband med behandlinga av PS 17/16 "Masfjordbrua - opplegg for val av bruløysing" opplyste **fylkesordføraren** at fylkesutvalet vil få orientering om ferjeavløysingsordninga. **Aud Karin Oen** påpeikte at utval for miljø og samferdsel bør få tilsvarende orientering.

### **UTTALAR**

I samband med behandlinga av PS 5/16 "Nye ferjeanbod – konkurransegrunnlag" sette **Pål Kårbø (KrF)** på vegner av KrF, A, Sp og SV fram slikt forslag til uttale:

#### **"Statleg støtte til miljøvenleg utskifting av ferjeflåten**

Fylkesutvalet i Hordaland syner til den aukande arbeidsløysa knytt til nedskjeringane i oljesektoren og ringverknadane av dette. Det er no naudsint at regjeringa set i verk konkrete tiltak og verkemiddel for å møta desse utfordringane.

Fleire fylke skal inngå nye ferjekontraktar i nær framtid og førebur no konkurransegrunnlaget for dei nye ferjeanboda.

Fylkesutvalet krev at regjeringa no kjem på bana og løyver pengar til utskifting av ferjeflåten slik at ein kan få støtte til bygging av nye ferjer der ein kan ta i bruk ny miljøvenleg teknologi som kan medverka til at ein når vedtekne klimamål.

Auka nybygging av ferjer vil vera eit konkret tiltak for å motverka den aukande arbeidsløysa, og ved å kopla kontraktar til utvikling av ny teknologi kan ein også i sterkare grad involvera lokalt næringsliv langs kysten."

Fylkesutvalet tok stilling om forslaget skulle realitetsbehandlast på slutten av møtet. Fylkesutvalet vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget og vedtok deretter samrøystes forslaget.

### **Vedtak**

### **Uttale: Statleg støtte til miljøvenleg utskifting av ferjeflåten**

Fylkesutvalet i Hordaland syner til den aukande arbeidsløysa knytt til nedskjeringane i oljesektoren og ringverknadane av dette. Det er no naudsynt at regjeringa set i verk konkrete tiltak og verkemidlar for å møta desse utfordringane.

Fleire fylke skal inngå nye ferjekontraktar i nær framtid og førebur no konkurransegrunnlaget for dei nye ferjeanboda.

Fylkesutvalet krev at regjeringa no kjem på bana og løyver pengar til utskifting av ferjeflåten slik at ein kan få støtte til bygging av nye ferjer der ein kan ta i bruk ny miljøvenleg teknologi som kan medverka til at ein når vedtekne klimamål.

Auka nybygging av ferjer vil vera eit konkret tiltak for å motverka den aukande arbeidsløysa og ved å kopla kontraktar til utvikling av ny teknologi kan ein også i sterkare grad involvera lokalt næringsliv langs kysten.

**Anne Beth Njærheim (V)** sette fram slikt forslag til uttale:

#### **"Proposisjon til Stortinget, Prop.35 L, Endringar i energilova**

Proposisjonen inneholder lovforslag som vil vere ei omfattande strukturendring for mange energiselskap i Hordaland, og i Noreg.

Dei største endringane er at nettdrift må skiljast frå anna drift, ikkje berre med selskapsmessig skilje, men også i funksjonar, såkalla funksjonelt skilje.

I all hovudsak er dei lokale energiverka rundt om i distrikta eigd av det offentlege eller av kundane sjølv (samvirkelag). Dei er ofte hjørnestensbedrifter i lokalsamfunnet, og bidreg med kompetansearbeidsplasjer, kjøper betydeleg volum av varer og tenester lokalt, og opptrer derfor som ein viktig samfunnsaktør.

Lokale energiselskap er og ein styrke for å oppretthalde god beredskap og leveringstryggleik. I tillegg er energiselskapa i Hordaland viktige samfunnsbyggjande institusjonar som har bidrige sterkt i utvikling i lokalsamfunna. Ikke berre med å skaffe sikker energiframføring, men også m.a. gjennom utbygging av breiband og ved å bidra til ålmennnyttige kulturføremål.

Stortingspropisisjonen er særleg oppteken av at ein skal hindre kryssubsidiering frå nettdrift (monopoldel) til andre verksemderområde. Slik kryssubsidiering er ikkje lovleg og er regulert ved lov.

Eit selskapsmessig skilje kan likevel vere ei god ordning for ytterlegare å førebygge kryssubsidiering og gjere kontroll av slike enklare.

Eit funksjonelt skilje mellom nettdrift og anna verksemd vil derimot vere ei unødvendig dyr og byråkratisk ordning som særleg vil råke dei mindre energiselskapa. Det legg også sterke band på styringsretten til eigarane av nettselskapet.

Eit anna argument er at nettet skal vere nøytralt slik at ny energi skal få marknadstilgang. Det er ingen ting som tyder på at lokalnetta i Hordaland ikkje vil vere nøytrale i slike samanhengar.

Hordaland fylkesutval vil med følgjande grunngjeving fråråde sterkt at denne delen i propisisjonen vert vedteken:

- Lovforslaget går mykje lengre enn EU sitt regelverk. EU har ikkje krav om verken selskapsmessig- eller funksjonelt skilje for energiselskap med mindre enn 100.000 kundar.
- Unødvendig kostnad og byråkrati.
- Tap av effektiv utnytting av personell, system og utstyr. Funksjonar må dupliserast.
- Kryssubsidiering er ei udokumentert problemstilling, i beste fall marginal.
- Lokalnetta som særleg vert råka av eit funksjonelt skilje er nøytrale nett opne for ulike tilbydarar av energi.
- Auka kostnader vil føre til høgare nettleige for kunde, mindre driftsmargin for nettselskapet og tap av verdiar for eigarane.
- Lovforslaget er ein sterk inngrisen i eigarane sin styringsrett

- Lovforslaget kan medføre uønskte fusjonar med større einingar.
- Større einingar vil medføre tap av lokale kompetansearbeidsplassar. Slike arbeidsplassar er særleg viktige for ein dynamisk arbeidsmarknad i distrikta.
- Det er ikkje dokumentert nokon samfunnsmessig gevinst med ei slik ordning. Samfunnsmessige konsekvensar er ikkje utgreidde.
- Grensa for funksjonelt skilje må vere som i EU. Funksjonelt skilje må gjelde selskap med meir enn 100.000 kundar.

Krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje er eit ran av distrikts-Noreg! Vi oppfordrar våre stortingspolitikarar om å ikkje gå inn for funksjonelt skilje, dette lovforslaget kan vi ikkje leve med."

Fylkesutvalet tok stilling om forslaget skulle realitetsbehandlast på slutten av møtet. Fylkesutvalet vedtok samråystes å realitetsbehandle forslaget.

### Røysting

Njærheim sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp).

### Vedtak

#### **Uttale: Proposisjon til Stortinget, Prop.35 L, Endringar i energilova**

Proposisjonen inneholder lovforslag som vil vere ei omfattande strukturendring for mange energiselskap i Hordaland, og i Noreg.

Dei største endringane er at nettdrift må skiljast frå anna drift, ikkje berre med selskapsmessig skilje, men og skilje i funksjonar, såkalla funksjonelt skilje.

I all hovudsak er dei lokale energiverka rundt om i distrikta eigt av det offentlege eller av kundane sjølv (samvirkelag). Dei er ofte hjørnesteneinsbedrifter i lokalsamfunnet, og bidreg med kompetansearbeidsplasser, kjøper betydeleg volum av varer og tenester lokalt, og opptrer derfor som ein viktig samfunnsaktør.

Lokale energiselskap er og ein styrke for å oppretthalde god beredskap og leveringstryggleik. I tillegg er energiselskapa i Hordaland viktige samfunnsbyggjande institusjonar som har bidrige sterkt i utvikling i lokalsamfunna. Ikkje berre med å skaffe sikker energiframføring, men og m.a. gjennom utbygging av breiband og ved å bidra til ålmennytige kulturføremål. Stortingsproplosjonen er særleg oppteken av at ein skal hindre kryssubsidiering frå nettdrift (monopoldel) til andre verksemderområde. Slik kryssubsidiering er ikkje lovleg og er regulert ved lov.

Eit selskapsmessig skilje kan likevel vere ei god ordning for ytterlegare å førebyggje kryssubsidiering og gjere kontroll av slike enklare.

Eit funksjonelt skilje mellom nettdrift og anna verksemd vil derimot vere ei unødvendig dyr og byråkratisk ordning som særleg vil råke dei mindre energiselskapa. Det legg og sterke band på styringsretten til eigarane av nettselskapet.

Eit anna argument er at nettet skal vere nøytralt slik at ny energi skal få marknadstilgang. Det er ingen ting som tyder på at lokalnetta i Hordaland ikkje vil vere nøytrale i slike samanhengar.

Hordaland fylkesutval vil med følgjande grunngjeving fråråde sterkt at denne delen i proposisjonen vert vedteken:

- Lovforslaget går mykje lengre enn EU sitt regelverk. EU har ikkje krav om verken selskapsmessig- eller funksjonelt skilje for energiselskap med mindre enn 100.000 kundar.
- Unødvendig kostnad og byråkrati.
- Tap av effektiv utnytting av personell, system og utstyr. Funksjonar må dupliserast.
- Kryssubsidiering er ei udokumentert problemstilling, i beste fall marginal.
- Lokalnetta som særleg vert råka av eit funksjonelt skilje er nøytrale nett opne for ulike tilbydarar av energi.
- Auka kostnader vil føre til høgare nettleige for kunde, mindre driftsmargin for nettselskapet og tap av verdiar for eigarane.
- Lovforslaget er ein sterk inngrisen i eigarane sin styringsrett
- Lovforslaget kan medføre uønskte fusjonar med større einingar.

- Større einingar vil medføre tap av lokale kompetansearbeidsplassar. Slike arbeidsplassar er særleg viktige for ein dynamisk arbeidsmarknad i distrikta.
- Det er ikkje dokumentert nokon samfunnsmessig gevinst med ei slik ordning. Samfunnsmessige konsekvensar er ikkje utgreidde.
- Grensa for funksjonelt skilje må vere som i EU. Funksjonelt skilje må gjelde selskap med meir enn 100.000 kundar.

Krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje er eit ran av distrikts-Noreg! Vi oppfordrar våre stortingspolitikarar om å ikkje gå inn for funksjonelt skilje, dette lovforslaget kan vi ikkje leve med.

## SPØRSMÅL

**Aud Karin Oen (SV)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

**"Opprettning av klassar for minoritetsspråklege. Innføringsklassar.**

Spørsmålet mitt er om ein har oversikt over behovet no og om det er oppretta nok klassar. Om det finns ei oversikt over registrerte asylsøkjarar med opphaldsløyve, kan fylkesutvalet få den? Nemner at det ikkje finns eit slikt tilbod Sund, Fjell og Øygarden. Dei må reisa til Olsvik. Det er langt for mange og fleire bussbytte. Fjell har teke mot mange einslege asylsøkjarar, i alt 15. Vil det vera klokt å oppretta ein innføringsklasse i Sotraregionen?"

Det er sendt slikt svar til Oen pr. e-post:

"Fylkeskommunen er godt førebudd på den situasjonen som kan oppstå med behov for fleire innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar frå hausten 2016. I tillegg til dei klassane ein alt har ved ulike skular i Bergen, på Stord og i Odda, vart det i "klassesaka" til fylkesutvalet i desember 2015 oppretta tilbod på Voss, i Øystese og i Kvinnherad. Desse klassane vart oppretta for at fylkeskommunen skulle vere "føre var".

Etter dette har ein hatt kontakt med fleire kommunar for å få oversyn over behovet for å opprette m.a. innføringsklassar eller andre opplæringstilbod for denne gruppa. Aktuelle område er Fusa/Os, Nordhordland og Sotra.

Når ein har fått oversyn over kor mange aktuelle søkjarar som er kvalifiserte for å gå inn innføringskurs, særleg i høve til tidlegare grunnskuleopplæring og alder, vil ein starte arbeidet med å opprette innføringsklassar der det er naudsynt. I tillegg kan det vere aktuelt å auke talet på slike klassar i område der ein alt har tilbodet dersom søker tilseier dette.

Søknadsfristen for minoritetsspråklege søkerar er 1. februar, men ein er førebudd på at det vil kome eit ukjent tal søkerar også etter den formelle fristen. Desse vil bli behandla slik praksis har vore i mange år og tatt med i vurderinga av eventuell opprettning av klassar frametter våren.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at vi per i dag ikkje har sikre tal for einslege mindreårige (EM) som er busett i Hordaland. Vi har berre tal frå IMDI med oppmoding om busetjing for 2016 og 2017.

Tala nedanfor har vi fått frå IMDI, og dei viser oppmodingar til kommunane om busetjing for 2016. Talet etter namnet på kommunen er EM, og det samla talet IMDI ynskjer busett, står i parentes. Oversynet viser berre kommunar som skal busetje EM, 27 i alt, og dei kommunane Oen nemner, er uteha:

Bergen 160 (720)

Askøy 30 (80)

**Fjell 30 (75)**

Lindås 20 (55)

Stord 20 (60)

Os 20 (65)

Voss 18 (60)

Kvinnherad 15 (50)

Bømlo 15 (50)

Odda 10 (40)

Kvam 10 (40)

**Sund 10 (35)**

**Øygarden 10 (35)**

Meland 10 (35)  
Ullensvang 8 (30)  
Osterøy 8 (28)  
Sveio 8 (25)  
Radøy 7 (25)  
Fitjar 7 (25)  
Austevoll 7 (25)  
Fusa 7 (20)  
Etne 5 (20)  
Samnanger 5 (25)  
Vaksdal 5 (25)  
Tysnes 4 (14)  
Austrheim 3 (12)  
Ulvik 2 (20)

Hordaland er blitt oppmoda om å busetje 452 einslege mindreårige totalt i 2016 og 715 i 2017.  
Fylkesrådmannen kjenner til at Fjell kommune har busett 3 einslege mindreårige i 2015, og  
samla for Hordaland er det 34."